

Handsama i Komité for plan og utvikling - 19.01.2010:

Fellesframlegg frå FrP/H v/Daniel-Victor Sandvik, FpP om følgjande høyringsframlegg frå Fjell kommune:

Fjell kommune går imot dei føreslegne innstrammingane i jordlova som svekkjer grunneigar sin disposisjonsrett over eigen eigedom og innskrenkar lokale folkevalte sin avgjerdsmynde i plan- og arealspørsmål.

Fjell kommune meiner at eigedomsretten bør styrkast ved at grunneigarar i større grad enn i dag skal kunne disponere over eigen eigedom og at det skal vere lokale folkevalde som skal ha endeleg avgjerdsmynde i plan- og arealspørsmål for vedkomande kommune.

Framlegg frå Jorunn Småbrekke Gjersvik, SP om følgjande høyringsframlegg frå Fjell kommune:

Fjell kommune meiner at jordvern er viktig! Mat vert dyrka i jord / på jord og jordvernet må sikrast for matproduksjon.

Fellesframlegget frå Daniel-Victor Sandvik fekk 8 røyster og vart vedteke.
Framlegget frå Jorunn Småbrekke Gjersvik fekk 3 røyster (AP, SP).

Vedtak i Komité for plan og utvikling - 19.01.2010:

Komité for plan og utvikling vedtek:

Fjell kommune går imot dei føreslegne innstrammingane i jordlova som svekkjer grunneigar sin disposisjonsrett over eigen eigedom og innskrenkar lokale folkevalte sin avgjerdsmynde i plan- og arealspørsmål.

Fjell kommune meiner at eigedomsretten bør styrkast ved at grunneigarar i større grad enn i dag skal kunne disponere over eigen eigedom og at det skal vere lokale folkevalde som skal ha endeleg avgjerdsmynde i plan- og arealspørsmål for vedkomande kommune.